

FAKTA OG AKTUELL INFORMASJON OM CAPE TOWN OG SØR-AFRIKA

Cape Town med 3,7 millionar innbyggjarar er Sør-Afrika sin nest største by. Saman med Pretoria og Bloemfontein, er byen ein av dei tre offisielle hovudstadane i Sør-Afrika.

Landet er republikk med eit folketal på 53 millionar. Presidenten heiter Jakob Zuma, og er frå partiet ANC (African National Congress). Han er landet sin tredje svarte folkevalde president etter at apartheid vart oppheva i 1991. I 1994 held Sør-Afrika for første gong frie val, og Nelson Mandela vart landet sin første svarte president.

Sør-afrikanarar kjem frå ulike kantar av verda. Framleis finst det folk som har stammar frå tidlege jeger- og samlarkulturar ca 20.000 år attende, Khoisan-folket. Men dei fleste sør-afrikanarar har kome frå områda i nord/nordvest eller sjøvegen; først afrikanske stammar, seinare europearar og asiatar. Mangfoldet er difor svært stort, særleg Cape Town og resten av den vestlege Kapp-provinsen, der 27 % av befolkninga definerer seg som svarte, 18 % som kvite og 55 % som farga (coloured) og asiater.

Ca 80 % av befolkninga er kristne; meir enn halvparten er protestantar. Det fins ein del afrikanske tradisjonelle religionar, og jøder, muslimar og hinduistiske minoritetar.

Landet har 11 offisielle språk: Afrikaans (etter dei nederlandske boerane), engelsk, isiNdebele, isiXhosa, isiZulu, Sepedi, Sesotho, Setswana, siSwati, Tshivenda og Zitsonga.

REISA

Utreise

I forkant av reisa får du tilsendt informasjon om turen og deltakarliste med referansenummer som du brukar ved innsjekking. I tillegg får du, når du møter reiseleiaren frå Fotefar Temareiser før innsjekking, tildelt eit plastkort der du finn hotellinformasjon og telefonnummer til reiseleiariene og namneskilt. Du må også ha passet ditt for å kunne sjekke inn.

Når de har kome gjennom sikkerhetskontrollen, skal de gå vidare til gate som er angitt. **Pass på å komme tidleg til gate, helst 1 time før avreise, då det ofte er kø i passkontrollen før gate.**

Det er også lurt om du tek på deg namneskiltet som ligg i mappa di, så vil reiseleiaren sjå at du høyrer til gruppa vår, og det er lettare å få kontakt med andre gruppemedlemmar allereie no.

Transfer

Når de kjem til flyplassen der vi mellomlandar, så fylgjer de reiseleiari til det er vorte avklara kva gate ein skal reise vidare til Cape Town frå. Vær på plass på gaten vidare i god tid, då langdistanseflya ofte startar boarding tidleg.

Flyreisa til Cape Town:

Reisa frå London til Cape Town tek om lag 11 timer, og vi får flyseter med innebygde tv-skjermar, og vi får puter og pledd. Det vert servert to måltid underveis med drikke, og ein kan kjøpe drikke mm i tillegg. Det er ei lang flyreise, og det er nattflyging, så det er lurt å nytte tida til å få seg ein god blund.

Ankomst Sør-Afrika

Etter passkontroll går de til bagasjehenting. Når du har henta bagasje, melder du deg hjå reiseleiari før du går vidare mot utgangen. **Ingen må gå ut av bagasjehallen utan å ha meldt seg til reiseleiari!**

Ved utgangen i ankomsthallen på flyplassen i Cape Town den lokale guiden vår og møter oss. Etter at alle har gått samla frå bagasjehallen saman med reiseleiarar, kan vi stoppe for å gå på toalettet, og ved minibanken for å ta ut pengar. Vi går vidare samla til bussen for avreise til Cape Town og hotellet.

RÅD OG TIPS

Prisnivå, tipsing mm

Valutaen i Sør-Afrika er Rand, 100 Rand = ca 62 norske kroner. Visa og Mastercard er vanleg, og det er nok av minibankar tilgjengeleg. Før du reiser må du sjekke at du ikkje har regionsperre for Afrika på kortet ditt (banken set ofte dette automatisk), har du det vil du ikkje få brukt kortet. Ring banken din om du er usikker på kva som gjeld for deg.

I Sør-Afrika er prisane gunstige for oss nordmenn – men ikkje for sør-afrikanarar flest, som er fattige. Matvarer, klede og andre nødvendige artiklar og tenester er dyre for dei, og lønningane er svært lave, særleg blant svarte og farga. 10-15 % tips til tilsette på hotell og restaurantar, og til drosjesjåførar, er vanleg og forventa. For arrangement som er inkludert i reisa er det reiseleiar som står for tipsinga, utanom dette står kvar og ein fritt til å tipse på eiga hand. Tipsing skapar velvilje og god stemning.

Taxfri:

På alle innkjøp over 250 Rand kan du krevje momsrefusjon. I butikken ber du i så fall om taxfri-kvittering i tillegg til vanleg kvittering og leverer begge saman med uopna vare i Taxfree-skranken på flyplassen i Cape Town ved avreise.

Tryggleik, Reiseforsikring, sjukdom, medisinar

Ta heilt vanlege forholdsreglar i Sør-Afrika. Det viktigaste er: det blir mørkt allereie i 18.30 tida. Etter den tid bør du halde deg i opplyste og folksomme strøk. Gå ikkje heim til hotellet åleine, men ta taxi frå godkjende taxiselskap (spør reiseleiar om namn). Det er kurant og enkelt å ta ut pengar frå minibank i Sør-Afrika. Men der, som over alt elles, må du passe på at ingen ser deg over skuldra når du tastar inn koden, og takk nei til hjelp frå folk du ikkje kjenner. Uniformerte vakter passar godt på turistane og er ofte i nærleiken av minibankane, dei kan du trygt be om hjelp. For turar til Table Mountain er det viktig at du ikkje går på eiga hand, men at du brukar guide dersom du skal gå til fots til toppen av fjellet. Det kan vere bråe ver-forandringar, og ein kan fort gå seg vill.

På reise i Sør-Afrika er det svært viktig at du har ei gyldig reiseforsikring som gjeld for heile verda. Reseptfrie medisinar får du på apoteka som i Norge, har du faste medisinar du må ta, så må du sørge for at du har med deg nok til heile opphaldet.

Brann: På hotellet vil du finne oversikter over evakueringsvegar ved eventuell brann eller andre årsaker til evakuering. De må orientere dykk om desse og kvar nærmeste trapp er. De kan ikkje bruke heisen ved brann. De må ta dykk til resepsjonen, og evakueringsområdet, som vanlegvis er framfor hotellet. Dette vil reiseleiar seie noko om for kvart enkelt hotell. De skal møte ved evakueringsområdet og melde dykk til reiseleiar.

Tryggleik i buss: Der det er setebelte skal desse brukast. Hald dykk i ro i bussen i fart, om ikkje anna skulle tilseie dette (toalettbesøk eller liknande).

Verdisaker: Pass godt på veska, og ha ikkje lommebok i baklomma, eller mobil på ein stad det er lett å få stele den. Vi opplever svært lite kriminalitet på våre destinasjonar, men det er alltid lurt å vere føre var!

Nyttige telefonnummer: Politi: 112, Ambulanse 10117 eller privat (anbefalt av UD) 911.

Telefon og internett (wifi)

Forvalg og landkode til Sør-Afrika frå Norge er 0027. Forvalg og landkode frå Sør-Afrika til Norge er 0047. Sør-Afrika har eit moderne og fullautomatisert telenett, god mobiltelefondtekning og internettkafear i dei største byane. Det er gratis wifi på hotellet vårt, og dessutan på mange kafear og restaurantar.

Tidsforskjell:

Det er ingen tidsforskjell mellom Norge og Sør-Afrika, men dei har ikkje vinter- og sommartid slik som oss. Dei ligg difor 1 time framfor Norge no i mars.

VI YNSKJER DYKK EI GOD REISE – OG MANGE GODE OG MINNERIKE OPPLEVINGAR SAMAN MED OSS!

Helsing oss i Fotefar Temareiser